

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS  
Ingunn Sætre  
Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8292 - 20/36001

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
15.06.2020

## Dispensasjon frå regulert plassering av fortau - gbnr 424/210 og 424/22 Bø - Nye Bø barnehage

**Administrativt vedtak:** **Saknr:** 611/20

**Tiltakshavar:** Alver kommune

**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (tbl.) § 19-1

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå områdeplan Bø Skule og barnehage mfl./planid 12622017000900 for flytting av delar av fortau o\_SF5 med ca. 3 meter innpå areal avsett til anna veggrunn o\_SVG3 for så å forlenge fortauet opp mot ny barnehage - gbnr 424/210 og 424/22 Bø - Nye Bø barnehage.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå regulert plassering av fortau. Delar av fortau skal flyttast 3 meter innpå areal avsett til anna veggrunn for så å forlenge fortauet opp mot ny barnehage.

For å sikre at køyretøy ikkje kører opp på fortauet i ein møtesituasjon, er det berekna ei grøft mellom Fv409 og fortau på totalt 2,15 meter inklusiv skulder. Fortauet vil vera på 2,5 meter og ei skulder mot SVG3 på 0,25 meter.

Det vert elles vist til søknad mottatt 21.04.2020 og sist supplert 05.05.2020.

## **Sakshandsamingsfrist**

Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden. Fristen er 28.07.2020. Saka vert prioritert då det er viktig å få avklart tiltaket i høve trygg tilkomst for skule- og barnehage.

## **Planstatus**

Eigedommen/arealet ligg i regulert område innanfor det som i områdeplan Bø Skule og barnehage mfl./planid 12622017000900 er definert som anna veggrunn o\_SVG3, jf. reguleringsføresegn pkt. 3.7.1.

Dette er grøntareal som er naudsynt sideareal til vegbygginga. Det omfattar grøfter, fyllingar og skjeringar, samt anlegg for overvasshandtering.

Ved å bruke av areal tiltenkt anna veggrunn vil ikkje dispensasjonen vera til hinder for anna formålsområde i reguleringsplanen.

Det aktuelle strekket ligg langs Fv409 som i planen er omtala som Radøyvegen.

## **Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon frå områdeplan Bø Skule og barnehage mfl./planid 12622017000900 for flytting av delar av fortau o\_SF5 med ca. 3 meter innpå areal avsett til anna veggrunn o\_SVG3 for så å forlenge fortauen opp mot ny barnehage.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

«Grunnlaget for søknaden er å flytte fortau SF5 ca. 3 meter inn på felt SVG3 og forlenge det opp til ny barnehage.


Dersom ein byggjer etter gjeldande reguleringsplan vil fortauen kome ca. 90 cm. inn på Fv 409, noko som då vil gjera Radøyvegen smalare enn det den er i dag. Derfor ynskjer ein å flytte fortauen ca. 3 meter inn på areal SVG3. I følgje reguleringsføresegner pkt. 3.7.1, er SVG3 regulert til annan veggrunn –grøntareal som er naudsynt sideareal til vegbygginga. Det omfattar grøfter, fyllingar og skjeringar, samt anlegg for overvasshandtering. Seinare skal det her etablerast grøntareal så nær opp mor vegarealet som mogleg.

Nytt fortau langs Radøyvegen vil bli tilpassa og bygd som ei forlenging av eksisterande fortau som går opp til skulen i dag. Fortau vil følgje Radøyvegen til den svinger av til barnehagen med ein avstand på 1,5 meter. Det er i dag eksisterande veglys på motsatt side av Radøyvegen, dette vil vera med på å lyse opp fortauen. Tverrfall på Radøyvegen går vekk frå nytt fortau og det vil ikkje vera nødvendig med overvannshåndtering utover ei markert open grøft mot skulen.

I reguleringsføresegnene pkt. 3.1.1 står det at køyrevegar, fortau og gang-og sykkelveg skal vera dimensjonert som vist i planen. Mindre endringar i vegføringa kan tillatast når detaljplanlegginga gjer der naudsynt. Me meiner at i dette tilfellet er det naudsynt å endre plassering av fortau, samt forlenge fortauopp mot ny barnehagepå gnr. 424 bnr. 22. Dette for å gjera tilkomst til skuleog barnehage tryggare.

## **Vurdering av krav i PBL §19-2**

PBL set krav til vurderingar som skal gjerast dersom det skal gjevast dispensasjon. Søker skal vise at fordelane ved dispensasjonen er klart større enn ulempene samt at lovens formål ikkje blir vesentleg tilsidesett, jf. Pbl §19-2.




Profilteikning nytt fortau og grøft

Dersom ein bygger fortau etter slik reguleringsplan er i dag vil fortauet komme inn i ein allereie smal veg, noko som vi gjera det vanskeleg med møtande trafikk. For å sikre at køyretøy ikkje kører opp på fortauet i ein møtesituasjon, erdet berekna ei grøft mellom Fv409 og fortau på totalt 2,15 meter inklusiv skulder. Fortauet vil vera på 2,5 meter og ei skulder mot SVG3 på 0,25 meter. Ved å bruke av areal tiltenkt anna veggrunnvil ikkje dispensasjonen vera til hinder for anna formålsområde i reguleringsplanen.

I følgje Pbl. §19-2 pkt. 3, skal ein legge særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Me meiner at ved å flytte fortauet vil ein betra sikkerheten for dei mijuke trafikantane som kjem lengre vekk frå vegen. Med grøfta vil ein også sikra seg at bilar ikkje bruker fortauet ved passering av andre køyretøy, dette vil igjen kunne ha ein helseeffekt. Når det gjeld miljø og tilgjenge vil det ikkje ha nokon innverknad i og med at fortauet er godkjent i eksisterande reguleringsplan og plasseringa vil ikkje endre tilkomst eller forholdet til miljø.

Me meiner at fordelane her er klart større enn ulempene og at reguleringsplanen sitt formål ikkje blir vesentleg tilsidesett.



Oversiktsteikning ny plassering av fortau

Jf. §19-2 avsnitt 4 skal det vurderast om det kan gjevast dispensasjon fra planer. Lova opnar altså for at det kan gjevast dispensasjon fra planer. Lova sitt formål er dermed ikkje vesentleg til sidesett ved dispensasjon fra reguleringssplanen.

Me søker hermed om dispensasjon fra områdeplan for Bø skule og barnehage, planid. 12602017000900jf. Plan-og Bygningslova § 19-2. for plassering av fortau.

Vonar på ei positiv behandling av dispensasjonssøknaden.»

#### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er henta inn slik uttale frå Vestland Fylkeskommunen den 11.05.2020:

##### «Bakgrunn

Det er søkt om dispensasjon fra områdeplan Bø skule og barnehage, planid. 12622017000900 for flytting av delar av fortau O-SF5, fortauet er omsøkt flytta 3 meter inn på areal avsett til anna veggrunn SVG3, dette for å behalde eksisterande breidde på fylkesvegen.

##### Uttale frå Infrastruktur og veg

Vi ser det som positivt at det vert etablert vidare fortau fram til ny barnehage, dette gjer tilkomst tryggare for dei mjuke trafikantane. Det er også positivt at ein ved flytting av fortau får behalde naudsynt breidde på den smale fylkesvegen som går forbi området.

Vestland fylkeskommune har ingen merknad til at kommunen gjev dispensasjon frå områdeplan.

Eventuelt uttale frå andre avdelingar i fylkeskommunen kjem i eige skriv.»

Det er henta inn slik uttale frå samferdsel, veg, -vatn og avløp-forvaltning v/Irene Wilhelmsen den 11.05.2020:

«Avdeling for Samferdsel, veg-, vatn- og avløpsforvaltning har motteke søknad om dispensasjon frå reguleringsplan «Områdeplanfør Bø skule og barnehage, Planid.1 260201700090» til uttale som lokal vegmynde.

Då dette er avvik frå plan mot fylkesveg, kan ikkje kommunen si vegavdeling setje krav til ein evt. dispensasjon.

Ut frå dei opplysningane som er gitt i søknaden, meiner vegavdelinga i Alver kommune at dette vil vere ei løysing som kunne vore godkjent om det var kommunal veg. Det viktige er at overvatn vert handtert på ein god måte, at anna vegareal for bla snøopplag, skilt, framtidige lysmaster etc. er tatt hand om.

Den nye grøfta som dispensasjonssøknaden skildrar, skil vegen frå gangarealet og er så breid at denne kan fungere både for handtering av overvatn og som anna vegareal.

Så lenge den nye løysinga er tilpassa eksisterande veg og fortau på ein god måte og det ikkje vert unaturlege linjeføringar langs eksisterande veg, vil dette vere ei løysing kommunen kan anbefale å gi dispensasjon for.»

Det er henta inn slik uttale frå planavdelinga den 27.05.2020:

#### «Byggegrense

Ved flytting av formålet o\_SF5, vil fortauet grense direkte til utbyggingsformålet o\_BU1 (undervisning), herunder Bø skule. Då byggegrensa i o\_BU1 ikkje går i formålsgrensa, men ligg nokre meter inne på området vil ikkje flytting av fortauet kome i konflikt med denne.

#### Arealformål

Omsynet bak å setje av areal til anna veggrunn- grøntareal er for å handtere naudsynt sideareal til vegkroppen som grøfter, fyllingar, skjeringar og for handtering av overvatn. Så lenge desse omsyna vert ivaretatt ved flytting av fortauet o\_SF5, stiller planavdelinga seg positiv til søknad om dispensasjon.

Planavdelinga har ingen merknader utover dette.»

Det er opplyst av ansvarleg søker i e-post, datert 19.05.2020, at Statens Vegvesen har sendt godkjenning.

#### Nabovarsel


Det er opplyst av ansvarleg søker at det er sendt nabovarsel til Alver kommune som eig tomtene rundt sjølve tiltaket, men eigedomane som tiltaket blir gjort på grensar i nord og aust mot andre eigedomar som ikkje ser eller blir berørt av tiltaket. Det er søkt fritak for nabovarsel for desse eigedomane.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i oversiktteikning, datert 16.09.2020.

Utsnitt oversiktteikning, datert 16.09.2020



På oversiktteikninga er gammal og ny infrastruktur i høve illustrert tiltak vist.

#### Vatn og avløp (VA)

Det vert inga endring i vatn- og avløp med tiltaket.

#### Tilkomst, avkørsle og parkering

Ny infrastruktur med tiltaket er illustrert i oversiktteikning, datert 16.09.2020.

#### Terrenghandsaming

Oversiktteikning, datert 16.09.2020, illustrerer ny infrastruktur med tiltaket.

Plan- og profil teikning, datert 16.03.2020, illustrerer terregnprofilar med tiltaket.

Normalprofil teikning, datert 06.08.2019, illustrerer nytt fortau og grøft med tiltaket.

Overvatn teikning, datert 16.09.2019, illustrerer handtering av overvatn med tiltaket.

Kum teikning, datert 26.4.2019, illustrerer sandfangskum med tiltaket.

Kantstein teikning, datert 26.03.2020, illustrer plassering av kantstein med tiltaket.

#### Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

## **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

## **VURDERING:**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggje innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulempar dispensasjon kan medføre.

Omsyna bak områdeplanen Bø Skule og barnehage er å sikre trygg tilkomst til skule og barnehage.

Det omsøkte arealet er definert som anna veggrunn o\_SVG3. Dette er grøntareal som er naudsynt sideareal til vegbygginga. Det omfattar grøfter, fyllingar og skjeringar, samt anlegg for overvasshandtering. Seinare skal det etablerast grøntareal så nær opp mor vegarealet som mogleg.

Dersom etablering av fortau gjera i samsvar med gjeldande områdeplan, vil dette legge beslag på ein allereie smal fylkesveg, noko som vi gjera det vanskeleg med møtande trafikk. Løysinga vert difor å flytte delar av fortau ca. 3 meter inn på areal avsett til anna veggrunn og forlenge det opp til ny barnehage.

I utgangspunktet skal køyrevegar, fortau og gang- og sykkelveg vera dimensjonert som vist i planen, jf. reguleringsføresogn pkt. 3.1.1, men mindre endringar i vegføringa kan tillatast når detaljplanlegginga gjer der naudsynt.

Administrasjonen legg til grunn at planen opnar opp for endring av plassering av fortau, samt forlenge fortau opp mot ny barnehagen på gbnr 424/22, der dette har vist seg naudsynt i detaljplanlegginga som vår sak illustrerer.

Ved å flytte fortauen vil ein betra sikkerheten for dei mjuke trafikantane som kjem lengre vekk frå vegen. Med grøfta vil ein også sikra seg at bilar ikkje bruker fortauen ved passering av andre køyretøy, dette vil igjen kunne ha ein helseeffekt. Når det gjeld miljø og tilgjenge vil det ikkje ha nokon innverknad i og med at fortauen er godkjent i eksisterande plangrunnlag og plasseringa vil ikkje endre tilkomst eller forholdet til miljø.

Endringa av plasseringa av fortauen er i samsvar med omsyna bak områdeplanen som er å sikre trygg tilkomst til skule og barnehage.

Administrasjonen si vurdering er at omsyna hovudomsynet bak områdeplanen, som er å sikre trygg tilkomst til skule og barnehage, ikkje vert sett vesentleg til side som følgje av tiltaket det er søkt om dispensasjon for .

I vurderinga av fordelar og ulempar har kommunen særleg lagt vekt på at endra plassering av fortau betrar tilkomsten til skule og barnehage og gjer trafikksituasjonen på staden betre. Med ny plassering gjer ein det mogleg å ikkje beslaglegge areal frå ein allereie smal fylkesveg, noko som vi gjera det vanskeleg med møtande trafikk.

Det er administrasjonen si vurdering er at fordelane ved å gje dispensasjon frå områdeplan Bø Skule og barnehage mfl./planid 12622017000900 for flytting av delar av fortau o\_SF5 med ca. 3 meter innpå areal avsett til anna veggrunn o\_SVG3 for så å forlenge fortauet opp mot ny barnehage er klart større enn ulempene.

Administrasjonen viser også til at samtlige høyringsinstansar er positive tiltaket samt at Statens vegvesen har gitt sin godkjenning. I tillegg illustrerer søknaden at det tas høgde for bl.a. overvatnproblematikk ved ny plassering av fortauet.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå områdeplan Bø Skule og barnehage mfl./planid 12622017000900 for flytting av delar av fortau o\_SF5 med ca. 3 meter innpå areal avsett til anna veggrunn o\_SVG3 for så å forlenge fortauet opp mot ny barnehage er oppfylt.

#### **Fritak for nabovarsling**

Administrasjonen legg til grunn at det er tilstrekkeleg at grunneigar som eig tomtane rundt sjølve tiltaket, er nabovarsla. Det er ikkje naudsynt å nabovarsla dei tilgrensande tomtene då dei ikkje vert berørt av tiltaket. Det gis fritak for nabovarsling for desse tomtene.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nyttar rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **Regelverk**

- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Søknad en skal nabovarslast etter pbl § 21-3.
- Krav til privatrettsleg sikra tilgang til vatn og avlaup følgjer av pbl. §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eidegar må ha sikra tilkomst til offentleg veg, jf. pbl § 27-4.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf 29-1.
- Krav til avfallsplan følgjer av byggteknisk forskrift (TEK) § 9-6.
- Krav til skildring av miljøsanering følgjer av TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/8292

Med vennleg helsing  
Alver kommune Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Vedlegg:**

B1-Oversiktstegning RevA  
C1-Plan og profil RevA  
F1-Normalprofil RevB  
GH1-Overvann RevC  
IFS-kum  
J1-Kantstein

**Kopi til:**

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS	Postboks 103	5649	EIKELANDSOSEN
Vestland fylkeskommune Infrastruktur og Veg	Askedalen 4	6863	LEIKANGER

**Mottakarar:**

Alver kommune Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS	Postboks 4	5906	FREKHAUG
	Postboks 103	5649	EIKELANDSOSEN